

BYGDA DANSAR

Sluttrapport for prosjektet Fjordapuls - august 2001 – august 2004

Fjordapuls



Rådet for folkemusikk og folkedans

RESULTAT

Rekrutteringskonsert utvikla og framført 11 stader (2001)
Undervist ved 8 skular, 37 økter med 733 elevar (2001)
Rekruttert omlag 80 prosjektdeltakarar
Rekruttert 12 lærarar, 5 unge musikarar og 4 unge førebilete til staben
Følgd opp staben med utviklingstiltak
Halde 16 helgesamlingar på fylkesnivå, gjennomsnittleg 30 deltakar
Hatt ein ekskursjon med deltakarar og lærarar til Västanå teater
Halde 181 lokale øvingar på 5 ulike øvingsstader
Utvikla 2 ulike danseateaterførestillingar, manus, koreografi, scenografi
Gitt 5 framsyningar av dei 2 førestillingane med totalt publikum 1350
Stilt aspirantar til 2 oppsettingar ved Sogn og Fjordane teater
Inspirert til auka profesjonell folkedanseateraktivitet i Sogn og Fjordane
Fleire prosjektkrefter har hatt profesjonelle frilansoppdrag
Del av prosjektgruppa har vore på eigen utlandsturne i Frankrike
Del av prosjektgruppa møtte gjestande ungdomar frå Shetland på tur til Vågsøy
Fjordapulsgruppe stilte til lagdans på fylkeskapleik i Stryn 2003
Ubrukte tradisjonsdansar er tatt i bruk
Godt ungdomsmiljø
Medieoppslag: 2 i TV, 2 i radio og ca 20 i presse
Stimulerande lærar/instruktørmiljø
Webside
Sterk interesse frå andre fylke

FOKUS

Nye grep i opplæringsarbeidet
Individretta pedagogikk
Samarbeidslæring
Integrering av dans og musikk/song
Nytinking om scenisk presentasjon
Samarbeid mellom ulike faggrupper
Samarbeid amatørar/profesjonelle
Analyse og utnytting av røymsler
Problemløysing og nyorientering på veggen

VANSKAR

Mangel på disponibel tid blant deltakarar og lokale lærarar
Mangel på ressursar til å halda breidda i prosjektet
Vanskar med å halda balansen mellom teater- og dansearbeid
Mangel på gitar i ein fase av prosjektet



GOD MÅLOPPFYLLING I FJORDAPULS

Bygda dansar, prosjektet som vil etablere ei ambulerande scene for tradisjonsdans i Noreg, fekk midlar nok til å starta det 3-årige pilotprosjektet Fjordapuls i Sogn og Fjordane i juni 2001. Prosjektet starta i august same år og vart formelt og reelt avslutta 31. juli 2004.

Vi trur vi har grunnlag for å seia at prosjektet vart ein suksess. Vi har rekruttert ei stor gruppe ungdomar som vi har ført fram til eit godt nivå. Det har vore gjort svært mykje godt, utviklande og spennande arbeid i ein stor stab.

Vi har produsert to førestillingar som har hausta mange lovord. Ungdomar knytte til prosjektet har hatt profesjonelle frilansoppdrag, og prosjektet har inspirert både frivilljug og profesjonell aktivitet i fylket.

Måla vart innfridde, tidsplanen vart halden og økonomien har vore under rimeleg kontroll. Nye fylke står i kø for å koma inn i Bygda dansar, og har lova monaleg økonomisk engasjement. Møre og Romsdal har kome i gang.



GANGEN I PROSJEKTET

Vi gir her ei framstilling av gangen i prosjektet, der leiinga sine vurderingar er fletta inn som ein bakgrunn for dei vegval som vart gjorde. Vi kommenterer noko av det som kom fram i evalueringane frå deltakarar og lokale lærekrefter samla i eit eige punkt til slutt. Vi går i liten grad inn på kven som gjorde kva i teksten, men gir slikt som eit oversyn til slutt.

Prosjektet starta tidleg på hausten 2001. Dåverande teatersjef Mette Brantzeg og lokal prosjektleiar, Arne Sølberg utvikla i samråd med Egil Bakka eit lite sceneprogram med tre unge dansarar og muskarar og reiste på turne i skulane som ein start på rekrutteringa. Mottakinga var god, det var interesse både frå skular, elevar og media, men det gav mest ingen effekt i rekruttering, i alle fall ikkje i første omgang. Foldar/plakat

Rekrutteringsarbeidet gjekk vidare ved at grunnkurs i dei vidaregåande skulane i fylket vart tilbodne gratis folkedansinstruksjon. Dette vart ei stort opplegg: prosjektmedarbeidaren ved Rff-sentret, Siri Mæland reiste i fylke og gav i lag med ein yngre mannleg hjelpeinstruktør og lokal spelemann (ofte Arne Sølberg) nokre timar folkedansinstruksjon til over 700 elevar i vidaregåande skule og ungdomsskule. Dette gav etter kvart rekruttering ved at ungdom melde seg på liste og påmeldinga var etterkvart oppe i 78 namn.

I desember 2001 kunne vi med dette utgangspunktet be inn til første helgesamlinga. Her starta den spesialiserte opplæringa og med utgangspunkt i denne samlinga etablerte vi dei lokale øvingsstadene: Styrn, Førde, Eid/Vågsøy, Sogndal og Sandane. Arbeidet heldt no fram på nyåret 2002 med lokale øvingar og helgesamlingar, og vi hadde i den første perioden mange som var med ei stund men som etter kvart fall gleid ut. Totalt var nok omlag 80 ungdommar innom prosjektet for kortare eller lengre periode. Arbeidet gav likevel resultat, danseferdighetene auka raskt og vi tok til å få på plass eit godt miljøet. Nokre prosjekt-deltakarar var tekne ut til å vera med i Sogn og Fjordane teater si oppsetjing Svik sommaren 2002.

Utpå hausten 2002 merka vi at motivasjonen seig, dei som hadde bakgrunn før følte at dei ikkje kom fort nok vidare og dei som var nye følte kanskje at utfordringane var i største laget. Vi såg at tida hadde kome for å ta det neste steget som var ei elevførestilling. Staben tok no inn to nye medarbeidarar med bakgrunn i folke-dansteater, slik planen også var. Den utvida staben heldt så eit arbeidsmøte og laga manus til ei elevførestilling: Folkedansrevyen *Sogn og Fjordane i tre steg*. Førestillinga vart heilt og fullt bygd på dansen som uttrykk. Revyen var så godt som heilt utan tale, for slik å kunna konsentrera arbeidet om dansen. I denne samanhengen rekrutterte vi songaren og fylkesmusikaren Elin Grytting til å arbeida med songinnslag i revyen, og ho vart ein viktig ressurs i resten av prosjektet. Revyen vart vist 30. november 2002 i Aulaen på Firda vidaregåande skule og på Fylkeskappleiken i Styrn 29. mars 2003 for fulle salar og entusiastiske salar med eit publikum på totalt 450.

Leiinga opplevde at motivasjonen i gruppa steig sterkt som følgje av arbeidet med revyen. Dei dyktigaste opplevde utfordring, og ungdommar i utkanten av prosjektet blei interesserte i å engasjere seg meir. Nokre fann likevel utfordringane for store og trekte seg ut.


Våren 2003 gjekk prosjektet over i arbeidet med sluttfasen. Vi engasjerte som planlagt teatersjef Leif Stinnerbom og kostymede-

signer Inger Stinnerbom til å utvikla slutførestillinga. Frå no av vart det ein sterk fokus på teaterarbeid, og dansearbeidet vart også relativt sterkt retta mot slutførestillinga. Sommaren 2003 hadde vi ekskursjon til Västanå teater i Värmland. Vi hadde teaterøving hos Stinnerbom privat, danseøving i teatret sine øvingslokale og vi såg Strindbergs Hemsöborna i Stinnerbom sin regi. Ekskursjonen fylte mange funksjonar. Han styrka samholdet i gruppa som tidlegare hadde vore ein del splitta i smågrupper, gav viktig øvingstid utanom skuleåret og inspirerte avgjerande.

Hausten 2003 var prega av intense øvingshelgar, teaterarbeidet stod i fokus og tok det meste av tida. Vi ser i ettertid at vi burde ha strukturert teaterøvingane slik at vi kunne dela opp gruppa oftare og ta ut delar av ensemblet til danseøving. Slik det vart, miste dansearbeidet litt av den allmenne tilnærminga si og vi hadde ikkje ressursar til å følgja dei deltakarane som ikkje band seg opp til slutførestillinga. Dei lokale øvingane vart til dels meir målretta, men minka samstundes i frekvens ettersom mange ungdommar merka presset frå avsluttande eksamen i vidaregåande skule.

Nokre ungdommar i prosjektet var denne hausten engasjerte som aspirantar i Sogn og Fjordane teater si nyoppsetjing av Svik som turnerte i fylket for den kulturelle skulessekken. Dei fleste Fjordapuls-deltakarane fekk slik sett oppsetjinga. Fleire i Fjordapulsstaben hadde hovudroller i oppsetjinga.

Våren 2004 gjekk med til sluttarbeidet på førestillinga, alt anna måtte vika for å skapa sterkt nok fokus. Det vart halde ein del lokale øvingar tidleg på vinteren, men prosjektleinga måtte dessverre avlysa ein besöksrunde til lokale øvingar på grunn av ressursituasjonen. Den 20. mars hadde sluttframsyninga Meistermøy førpremiere på Kunsthøgskolen i Oslo med fullsett sal. Premieren på Førde internasjonale folkemusikkfestival 4 juli vart eit høgdepunkt. Det var ståande applaus frå ein fullsett sal og svært mange godord å hausta. Dronning Sonja vitja dessutan prosjektet under ei øving før premieren. Prosjektet slutta så med ei framsyning på Jørn Hilme stemnet 22. juli. Dei tre førestillingane samla i alt eit publikum på omlag 900.





STABEN SI EVALUERING

Gjennom heile prosjektet dreiv staben uformell evaluering av undervisninga og framgangen til deltakarane. Det vart lagt mykje vekt på utvikla opplæringssystem og metodiske grep som eigna seg på dei ulike stadia i prosjektet gjennom kontinuerlege diskusjonar i staben.

Under instruksjonen i skulane stod opplevinga i fokus. Dansegleda, fart og liv var høgt prioritert, og presis ferdigheit var ikkje vektlagt.

I første del av prosjektfasen var rask progresjon for dei som var nye i folkedans vektlagt, og vi brukte samarbeidslæring for å engasjera dei som hadde ferdigheiter frå før. Samtidig formulerte vi no, like frå starten av sjølve prosjektfasen ein profil for prosjektet når det gjaldt kvalitet og uttrykk i dansen og musikken. Dette var moment vi brukte for å skapa ei utfordring til alle, og ikkje minst dei som hadde gode tekniske og praktiske ferdigheiter frå før.

Første elevførestillinga vart eit grep for å få alle med inn på eit første standardnivå. Vi samla og etablerte ei kjernegruppe som fylte visse standardkrav til både teknikk og til prosjektet sin profil i rørslekaritet og uttrykk. Det vil ikkje seia at nokon interesserte vart avviste, men nokre deltakarar trekte seg, kanskje fordi dei følte at krava vart for harde.

I arbeidet vidare prioriterte vi sterkt å arbeida individuelt for å få best mogleg progresjon på den enkelte deltakaren. Vi prøvde å få til ein balanse mellom to hovudmål: 1) At kvar deltakar mest mogleg skulle halda på og utvikla vidare eit personleg uttrykk, noko som er sentralt i folkedans. 2) At deltakarane skulle nå eit godt felles nivå både teknisk og i høve til prosjektet sin kvalitets- og uttryksprofil.

Seit frå staben sitt synspunkt lukkast vi med dei pedagogiske grepa våre og nådde dei to måla ovanfor i høve til danseferdigheit rimeleg godt.

Vi meiner også at prosjektet fekk mykje å seia for dei unge førebileta. Dei fekk svært gode sjansar til å bruka dansen sin i scenearbeid og dei møtte eit miljø som arbeidde med opplæring, dansekvalitet og personleg uttrykk på nye måtar. Slik fekk dei nye rom for utvikling.

Lærarane som dreiv dei lokale øvingane spela ein viktig rolle i prosjektet. Vi trur prosjektet gav dei nye perspektiv og ein del ny kunnskap. Vi hadde eit arbeidsmøte med dei, vi vitja dei lokale øvingane, og nokre av dei vitja Rff-sentret for å studera lokalt tradisjonsmateriale. Vi skulle likevel ha ønska oss at vi kunne ha sett inn meir tid og ressursar til å arbeida saman med dei på utforming og utvikling av dei lokale øvingane. Tidleg i prosjektet stod det på å finna ledig tid for mange parter, seinare var økonomien ein begrensande faktor.

MÅLOPPNÅING

Vi meiner at vi har nådd målet som var sett i prosjektsøknaden om læra opp ei gruppe til eit godt nivå og at vi har dokumentert det med slutførestillinga Meistermøy. Vi meiner at prosjektet har bidratt vesentleg til at Sogn og Fjordane kan få nokre frilans tradisjonsdansarar. Vi nemner at det unge førebiletet, Atle Hoff og deltakaren Åsta Urdal alt har etablert seg i den posisjonen med rollane sine i "Jenta som ingen kunne målbinde" ein samproduksjon frå Førde internasjonale folkemusikkfestival og Sogn og Fjordane teater, der ein annan frå Fjordapulsstaben, Sigurd Aae Klausen hadde regien. I ein omtale av produksjonen til nettsida Ballade 23.06.2004 seier tidlegare teatersjef ved Sogn og Fjordane teater, Mette Brantzeg: "Men starten på folkedans-musikk-teater satsinga i Sogn og Fjordane var Fjordapuls-prosjektet i 2001-2002, initiert av Rådet for Folkemusikk og folkedans i Trondheim". Satsinga har jamvel ført til midlar for vidare satsing frå Kulturdepartementet. Vi ser Brantzeg sine ord som ei stor anerkjenning. Vi meiner også at det er andre av deltakarane som har potensiale til frilansverksemd og vi veit at fleire søker seg vidare mot relevante utdanningar.

Vi meiner at målet "Å gi regionen røynsle med å arbeida med kunsinarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå." er svært godt oppfylt. Sogn og Fjordane teater og Førde internasjonale folkemusikkfestival engasjerte seg sterkt i arbeid med folkedanstheater parallelt med prosjektet og bidrog avgjerande til dette målet. Dette blir ei indirekte måloppnåing der Fjordapuls ikkje skal ta æra for anna enn synergieffekt og for å ha vore med og inspirert. Samstundes ligg resultatet på eit langt høgare nivå enn prosjektet åleine kunne ha greidd å skapa.

Det vi har nemnt ovanfor fremmer også i nokon grad måla "å styrka fagkompetansen for dans i lokalmiljøet, regionen" og "å inspirera og styrka det vanlege, frivillige folkedansarbeidet". Ser vi meir direkte på arbeidet innanfor organisasjonane, er det noko vanskelegare å vurdere kor mykje prosjektet sine resultat har/vil virka inn.

Vi trur vi har gitt ein del verdifull kompetanse inn i organisasjonsmiljøa gjennom dei lokale lærarane som arbeidde for prosjektet. Vi trur at aktivitetane i organisasjonsmiljøa har blitt meir synlege,

og at dei vonleg kan hausta fornya interesse. Det er initiativ frå desse miljøa for å byggja vidare på Fjordapuls, men enno er det vanskeleg å vurdere korleis dette vil lukkast.

Om lag halvveges i prosjektet såg staben seg nøydd til å fokusera sterkare og meir eintydig på tileigning av ferdigheit og etter kvart på teatersida i prosjektet enn vi hadde planlagt. Vi opplevde at ungdomane ikkje greidde å satsa så mykje tid på prosjektet som vi hadde planlagt. Då kunne vi heller ikkje bruka så mykje tid som vi hadde ønska på miljøskaping og på samværsdans. Utan stram fokusering kunne vi ikkje nå kvaliteten vi hadde sett som mål. Vi hadde heller ikkje ressursar nok til tiltak for å halda på den ytre krinsen av deltakarar som ikkje gjekk inn presentasjonsensemblen. Desse fall difor etterkvart ut av prosjektet. Det kan nok ha redusert verdien av prosjektet ein del for dei frivillige organisasjonane, og det beklager vi.

Målet "å styrka den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen som han alltid har høyrst saman med." arbeidde musikalsk leiar Arne Sølvsberg med. Han rekruttert ei gruppe unge musikkarar som deltok i prosjektet og fekk mykje trening i dansespel både gjennom samspel med han, gjennom å spela åleine til dans og gjennom at dei fekk ein del instruksjon. Elin Grytting gjorde samstundes eit viktig arbeid for songen i prosjektet. Vi meiner målet er godt oppfylt.

EVALUERING FRÅ DELTAKARAR OG LÆREKREFTER

Det vart delt ut evalueringskjema til alle deltakarar, til lokale lærarar og unge førebilete etter premieren i juni 2004. Vi fekk inn svar frå 17 ungdomar, 2 unge førebilete 2 spelemenn og 2 lokale lærarar. Vi har ikkje hatt tid og ressursar til å purra så mykje som ønskeleg. Dei kjem mange positive kommentarar i evalueringskjema, både om det sosiale miljøet, om arbeidet med dansen og om arbeidet mot scena. Vi går ikkje inn i detaljar her, og kommentarane er i stor grad relativt allmenne. Vi syns det er viktigare å diskutera det som får kritikk og som blir sett på som problemfelt.

Breidderekruttering og vekt på folkedans som samværsdans der alle kan delta har vore dominerande mål i folkedansarbeidet like sidan det starta tidleg på 1900-talet. Eit prosjekt som prioriterte ei etablering av ei elitegruppe og utvikling profesjonelle utøvarar måtte naturleg koma i konflikt med desse måla. Prosjektet la i utgangspunktet vekt på ikkje å sjå bort frå breiddemåla, men prøvde å ta dei inn som ein del.

Jamvel om Bygda dansar og Fjordapuls har hatt tung og brei støtte i folkedansorganisasjonane både lokalt og nasjonalt, har enkelte røyster ytra ei viss uro over prioriteringa av det sceniske og av elite. Når prosjektet i siste fasen dessutan måtte prioritera ned breiddesida relativt drastisk, viser dette naturleg nok att i evalueringane. Ungdom i desse miljøa er ikkje vane med at det blir stilt så strenge krav til dei som staben meinte det var nødvendig å stilla i siste fasen. Fleire deltakarar og to av dei unge førebilete meiner at satsinga mot presentasjon blei for sterk og tok for mykje tid frå dansarbeid og samværsdans. Det kjem velformulert og kvass kritikk av stramme krav til framme, og allfor sterk prioritering

av teaterarbeidet i høve til dansen. Ei røyst kritiserer i tillegg at vi prioriterte den lokale dansetradisjonen så sterkt og ikkje la vekt på å læra ungdomane det nasjonale folkedansrepertoaret slik at dei kan finna seg betre til rette i folkedansaktivitet utanfor fylket.

To av dei unge førebilete meiner elles at dei kunne ha vore tatt med meir på råd, og at dei fall litt i mellom to stolar sidan dei ikkje var deltakarar, men heller ikkje tilstrekkeleg medrekna som ein del av staben.

På førehand hadde vi i staben drøfta og tenkt nøye gjennom problem som lett kunne oppstå i brytingar mellom ulike syn og haldningar til lokalt danse materiale. Prosjektet utvikla som nemnt tidleg sin eigen profil i syn på rørsle kvalitet og uttrykk. Profilen kom naturleg nok i somme høve litt i konflikt med lokale haldningar og det vart viktig å gjera deltakarane vane med at ulike instruktørar og miljø kan stå for litt ulike haldningar utan at det treng å skapa konflikt. Tvert om kan det vera positivt at deltakarane lærer å forhalda seg til slike ulikskapar som noko heilt naturleg. Nokre unge førebilete nemnde vanskar i denne leia.

MOMENT Å FORBETRA I NYE PROSJEKT

Vi summerer her kort opp røynsler og lærdom som prosjektet har gitt oss med tanke på nye prosjekt i Bygda dansar.

Vi ser at ein rekrutteringskonsert ved starten på eit nytt prosjekt ikkje gav resultata vi hadde vona på. I det nystart "Snu nordvest" har vi gått direkte på folkedansinstruksjon i skulen utan å bruka midlar til konsert. Vi ser at dette gir ei heilt anna utteljing og at dette arbeidet kanskje kan utviklast meir og dessutan ha allmenn verdi i tillegg til rekrutteringsfunksjonen sin.



Vi ser at Bygda dansar på lenger sikt kanskje burde ha meir langsiktige strategiar. Dersom Bygda dansar si satsing i eit bestemt fylke er planlagt fleire år før ho startar ville det kanskje gi ekstra gevinst at ein fekk til folkedansinstruksjon i skulen for det som skal bli målgruppa jamvel så mykje som 3-4 år før sjølve startskotet går.

Vi ser at vi var seint ute med å dra inn dei lokale folkedans- og folkemusikkmiljøa i Fjordapuls, og at vi kunne ha lagt meir arbeid i å gi fagleg oppdatering til og å ha faglege drøftingar med desse miljøa. Prosjektet Snu nordvest starta difor med ei helg der vi greip tak i dette. Vi vil prøva å arbeida meir systematisk med denne saka.

Vi ser at ungdomane si tid til øvingar er ein sterkt begrensande faktor for prosjektet. Vi hadde eit par tilfelle der ungdomar fekk gjort prosjektarbeid til valfag. Dette ønskjer vi å byggja vidare på, og vurderer om det finst fleire moglegheit for samverknad med skulen.

Vi ser at vi burde prøva å setja meir ressursar i arbeidet med å halda ei breidde i prosjektet og styrka miljø- og samværsdanskida. Her må det vidare analyse til, og kanskje kan det vera aktuelt med meir samarbeid med organisasjonane her. Her vil vi også få debatten om kor balansen i prosjektet skal gå når det gjeld krav. Kor langt skal vi gå i å stilla krav til ungdomen om å forplikta seg fast og kor opne skal vi vera for dei som vil stå fritt og delta når det passar.

Vi ser at balansen mellom dans og teater er eit kjernepunkt i evalueringa. På den eine sida var teaterarbeidet med dyktige instruktørar noko av det som løfta heile prosjektet. På den andre sida tok teaterarbeidet langt meir av tida enn vi hadde tenkt siste året. Vi ser at rollestrukturen og utforminga vi gav sluttframsyninga kanskje forsterka dette meir enn strengt nødvendig. "Meistermøy" hadde nokre få store roller, etter måten få andre solistroller og mange scenar der store delar av ensemblet var med. Det gav ein struktur utan modular; heile ensemblet var på scena frå førestillinga starta

til ho slutta. Kunstnarleg og instruksjonsmessig gav det utan tvil konsentrasjon og heilskap. I øvingssamanheng vart det vanskeleg å dela opp ensemblet og ta ut grupper til danseøving slik vi hadde planlagt. Vi ser det vil vera ønskeleg å byggja opp førestillingane av modular som først kan øvast separat. Det ville og ha føremønen at modular kunne visast fram utan at heile ensemblet måtte på plass, og kanskje jamvel at modular kunne øvast lokalt i somme samanhengar. Dette er likevel spørsmål der det kunstnarlege kan koma i konflikt med det pedagogiske og med miljøomsyn.


Vi hausta fine erfaringar med å ha avanserte folkemusikkutøvarar med oss i prosjektet både for å læra opp vanlege deltakarar i folkeleg song og for å ha ei gruppe unge musikarar som spelte instrumentalmusikk til dansen og fekk opplæring i det.

Vi ser det skulle vore ønskeleg å utnytta dei produksjonane vi laga til fleire framsyningar enn vi nådde. Sluttframsyninga var invitert til fleire festivalar, mellom anna til Rannsäterstämman i Sverige, men ungdomane hadde ikkje tid nok til at det kunne bli meir enn 3. Ved ei medviten moduloppbygging hadde vi kunne fått til meir av slikt.

Fjordapuls vart bygd på ei svært streng og stram fokusering. Fagleg og kunstnarleg kvalitet og profesjonalitet var hovudmåla og andre omsyn måtte vika for å få til dette. Dette var ei linje prosjektleiaren køyrde svært fast, og i nokre tilfelle var andre medlemmer av staben tvilrådige til eller jamvel usamde i ein del av konsekvensane. Deltakarar og unge førebilete yttra seg òg sterkt kritisk til det. "Folk skulle ha komt for at det var moro å være der, ikkje for at dei måtte komme for dei måtte jobbe..." seier eit ungt førebilete.

Dette er eit kjernesporsmål: Skal prosjektet ha eit så godt sosialt miljø at det blir hovudmotivasjonen for å delta, eller er det kvaliteten og resultatata som skal vera hovudmotivasjonen? Best er det sjølv sagt om dei to kan gå opp i ei eining og samverka heilt ut slik at krav og rammer blir unødvendige.

Sett frå prosjektleiaren sitt perspektiv vart motivasjonen i Fjordapuls først og fremst skapt gjennom fagleg og kunstnarleg kvalitet. Vi greidde knapt å skapa ei verkeleg godt integrert gruppe med kontakt mellom alle deltakarane før siste året, ut frå ekskursjonen til Sverige. Det er difor litt paradoksalt at vi fekk så lite høve til å utnytta dette sosialt siste året fordi tida då vart så knapp og stramt prioritert. Kanskje er det dette ungdomane også opplever, at når dei verkeleg fekk kontakt, så var det ikkje tid nok til å få full glede av det. Det er ingen tvil om at dei vil vera ønskeleg å auka innsatsen på miljøskapinga i prosjektet. Spørsmålet blir berre om vi får nok ressursar til det, i tid satsa frå ungdomane og i økonomi.



LISTE OVER MEDARBEIDARAR

Konsertturnè:

Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Sogn og Fjordane teater v/ Mette Brantzeg (regi og instruksjon) og lokal prosjektleiar Arne Sølvsberg (fele/hardingfele) med dei unge dansarane Mari Andrea Ness, Aile Hoff og Audun Sølvsberg. Egil Bakka var med i planleggingsfasen.

Instruksjonsturnè:

Siri Mæland frå Rff-sentret var danseinstruktør saman med Øyvind Sivertsen og Halvard Strønen. Arne Sølvsberg og Ingrid Søyland hadde òg noko undervising
Spelemenn: var Arne Sølvsberg, Gunnhild Sindre, Harald Hesjevoll, Oddbjørn Ramstad, Sigmund Eikås, Petter Eide og Elisabet Eikås.

Helgesamlingar - dans:

Prosjektleiinga:
Prosjektleiinga har drive helgesamlingane. Desse er Egil Bakka, prosjektleiar, Arne Sølvsberg lokal prosjektleiar og musikals ansvarleg, Siri Mæland, undervisningsleiar og hovudinstruktør og Erling Flem, som har spesielt ansvar for det tradisjonsfaglege.

Unge førebilete:

På alle samlingane har det vore med ei gruppe av omkring 4-6 unge dansarar som har tent som førebilete, mjøløskaparar og hjelpeinstruktørar. Desse har vore Mari Andrea Ness, Audun Sølvsberg, Hallvard Strønen, Aile Hoff, Eva Kristin Svidal, Aslak Johnsen og Torkjell Lavoll.

Lokale instruktørar:

Dei lokale instruktørane, har dessutan vore med på nokre av helgesamlingane både for å bli kjend med metodikk og tankegang og for å bidra spesielt med byggedansarbeidet.

Musikarar:

I tillegg til Arne Sølvsberg har me også hyra inn lokale spelemenn til å spela til danseundervisinga

Helgesamlingar - teater:

Sogn og Fjordane i tre steg
Innstudering og regi: Sigurd Klausen og Kjell Klausen.
Danseansvarlege: Egil Bakka og Siri Mæland
Musikalsk ansvarleg: Arne Sølvsberg (spel) og Elin Grytting (song)
Kostymering: Berit Snøen frå Sogn og Fjordane teater. Bunader frå Sogn og Fjordane ungdomslag
Inspisient: Siri Mæland
Dokumentasjon: Erling Flem

Meistermøy

Regi og innstudering: Leif Stinnerbom
Egil Bakka, Arne Sølvsberg, Kjell Klausen, Sigurd Klausen, Elin Grytting og Siri Mæland har fungert som ressursgruppe opp mot Leif Stinnerbom.
Danseansvarlege: Egil Bakka og Siri Mæland
Musikalsk ansvarlege: Arne Sølvsberg (spel), Elin Grytting (song)
Regiassistentar: Kjell og Sigurd Klausen
Kostymar: Inger Stinnerbom (design), Lars Tommy Olsson (saum, saumleiar) Alvild Klausen, Maria Tingnes og Emma Karlsson (saummedarbeidarar)



Lokale lærekrefter på lokale øvingar:

Stryn : Arne og Asbjørg Sølvsberg. Arne Sølvsberg var spelemann.
Vassenden: Ingrid Søyland og Eva Kristin Svidal våren 2002.
Arild Herstad frå hausten 2002 og ut prosjektperioden.
Ingrid Stuhaug, prosjektdeltakar har vore spelemann, men også Leif-Erik Stuhaug og Terje Vie Larsen
Sogndal Øystein Lavik. Svein Skjerdal og Kjell Berge har vore med som støttespelarar. Sunniva Ildsøe, prosjektdeltakar og Svein Skjerdal har vore med som spelemann.
Sandane Leif Reksten våren 2002.
Aslak Johnsen frå april/mai 2002 og ut juni 2003.
Elin Grytting, Arne Sølvsberg og Siri Mæland delte på opplæringsarbeidet av denne gruppa hausten 2003 og ut prosjektperioden.
Simona Fraas har delvis vore med som spelemann.
Lefdal: Leif Reksten og Bjørg Ingebriktsen. Sigmund Larsen var spelemann.

Klipp frå "Ungdom" nr. 2, 2004

Pulserande pilotprosjekt

20. mars var det førpremiere på Meistermøy på Kunsthøgskolen i Oslo. Framsyninga avsluttar prosjektet Fjordapuls, der ungdommar frå Sogn og Fjordane har fått kjennskap til dansetradisjonane i heimfylket sitt. 4. juli er det premiere på Meistermøy på Førde Internasjonale Folkemusikkfestival.

Tekst: Tina Vilenica Foto: Inger Stinnerbom

Kledde i folkløreinspirerte kostymer i jeansstoff, fortalde ungdommane frå Sogn og Fjordane historia om Meistermøy, eit fargerikt og dramatisk eventyr om ei sterk jente og guten ho vann seg, om trolldom og kjærleik. Med bruk av song, musikk og dansen som verkemiddel, viste dei 36 ungdommane ei leikande, biletesterk og dynamisk framføring på Kunsthøgskolen i Oslo.

I tre år har ungdommar i Sogn og Fjordane arbeidd med fylket sine dansetradisjonar i prosjektet Fjordapuls. Målet er å lære dansane i si tradisjonelle form, i tillegg til å nytte danseelement og lokal dansekunne frå det tradisjonelle på scena på nye måtar.


Fjordapuls er eit pilotprosjekt for "Bygda dansar" og vert drive av Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff) i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater og nasjonale og regionale danseorganisasjonar, mellom anna Noregs Ungdomslag. Prosjektet er finansiert av Norsk kulturråd og Sogn og Fjordane fylke.

Folkedans som verkemiddel

Det er Leif Stinnerbom frå Västanå teater i Sverige som har regien på Meistermøy, med assistanse frå Sigurd Aae Klausen og Kjell Klausen. Stinnerbom har stått i spissen for å utvikle uttrykket som smeltar saman teater og folkedans. I Noreg har han mellom anna sett opp "Ein midtsommarnattsdraum" på Den Nationale Scene i Bergen, også her med bruk av folkedansen. Han har hatt stor glede av å jobbe med Fjordapuls.

- Det har vore veldig morosamt. Det er ein fin gjeng med modige ungdommar som vågar å kaste seg ut i det, seier han. Stinnerbom arbeidd for det meste med profesjonelle utøvarar i sitt daglege virke. Fleire av deltakarane i Fjordapuls har aldri dansa folkedans. Det har ikkje påverka prosessen i stor grad.





*Meistermøy er
abbeant so ten og
klak som ho brukte
i ere i Eli Johanne
Mjellum si tolking.*

- Det er ingen skilnad for meg å arbeide med amatørar i høve til profesjonelle. Eg arbeidd på same måte, fortel han.

I Noreg kallar vi dette sceniske uttrykket for folkedanstheater. Den nemninga vil ikkje Leif Stinnerbom nytte.

- Eg trur det kan vere ein bakdel med å kalle det folkedanstheater. Det kan skape ein avstand til teatret og teaterfolk, som kan tru at dette ikkje er teater. Eg brukar difor å seie at eg lagar teater med folkedans som verkemiddel. Det er mange måtar å fortelje ei historie på. Eg nyttar folkedans og folke-musikk i det arbeidet. Dette er ein ny form for musikkteater. Folkedansen gjev musikalitet og rytme til forteljinga, forklarar han.

Stinnerbom synest det er imponerende at eit slikt prosjekt som Fjordapuls vert finansiert av det offentlege.

- Det vitnar om eit medvit om å bevare dansetradisjonane i landet. Ein hadde aldri fått til det same i Sverige, fortel han.

- Folkedans er ikkje sært

Ein del av ungdommane som er med på prosjektet er òg med i ungdomslag. Mange av dei vart med på prosjektet heilt utan erfaring. Deltakarane vart rekruttert frå dei vidaregåande skulane i fylket. Dei har øvd kvar for seg lokalt og hatt øvingshelgar samla. Tre av dei som har vore med i pro-

sjektet er Eli Johanne Mjellum (Meistermøy), Åsmund Ulvedal (guten) og Åsta Urdal (forteljar).

- Eg fekk masa meg til å vere med sjølv om eg berre gjekk i niande klasse, fortel Åsta.

Ho synest ikkje det er sært å vere ung og samstundes danse folkedans. Der ho kjem frå er det eit aktivt, ungt dansemiljø.

- I Eikås Ungdomslag er dansen eit samlingspunkt for ungdommane, fortel ho.

Alle synest det er artig å få tilbod om å jobbe med ein så god og profilert regissør. Åsmund vart plukka ut til å spele den eine hovudrolla etter berre ei halv øving.

- Eg ville eigentleg ikkje vere med, men vart heldigvis med likevel.

No har han lyst til å drive meir med både dans og teater.

- I dansen så er det jo vi gutane som får gjere alt det morosame! meiner han.

Eli Johanne synest det er fascinerande å få spele Meistermøy.

- Det er eit stort opplegg med flotte kostymer. Eg har lyst til å behalde kostymer mitt og bruke det seinare, så fint er det, seier ho.

Det sosiale spelar òg ei stor rolle i prosjektet.

Dei tre ungdommane fortel at dei har blitt godt kjende med kvarandre og at dei nok kjem til å halde kontakten vidare.

Kanskje dette er spira til ein ungdomsring i Sogn og Fjordane?

På godt og vondt

Det siste vil ikkje Arne Sølvberg svare på, men han har ei von om at noko slikt kan utvikle seg frå prosjektet. Han har stått for den musikalske leiinga og har vore lokal prosjektleiar og danseinstruktør.

- Denne gruppa med ungdommar har fått eit stort løft med dette prosjektet. Eg vonar på smitteeffekt lokalt, seier han.

I tillegg trur han at ein kan rekruttere studentar til dansestudiet i Trondheim gjennom Fjordapuls og Bygda dansar.

Det er dei mest interesserte som har vore med i prosjektet heilt til den avsluttande framsyninga.

- Det var ikkje krav om førehandskunnskap, men vi såg fort at ein del av dei som ikkje hadde noko tilknytning til miljøet frå før, falt av undervegs.

Han seier han har lært mykje om ungdomskulturen gjennom prosjektet, både på godt og vondt.

- Men mest godt, seier Sølvberg, som er godt nøgd med sluttresultatet.



Meisterleg framføring av Meistermøy



Av Johanne Landsverk

I mars inviterte Fjordapuls til førpremiere på Kunsthøgskolen i Oslo. Meistermøy var ei imponerende danseframføring, og difor er det berre å glede seg til premieren i Førde til sommaren.

Meistermøy er eit danseteater framført av unge folkedansarar og spelemenn frå Sogn og Fjordane. Dei 36 ungdommane i prosjektet Fjordapuls dramatiserer her eit eventyr om den sterke jenta Meistermøy og guten som ho til slutt greier å vinne. Det er eit lokalt eventyr frå Luster i Sogn, betre kjent som «Guten og Risen». I denne forteljinga er det mykje trolldom, dramatik og kjærleik.

Dansen driv handlinga

Historia er forenkla og stilisert, og det er dansen og musikken som driv fram handlinga i framføringa. Og dette er utøvarar som kan meir enn å danse og syngje. Dei

framfører replikkane så tydeleg som berre profesjonelle skodespelarar kan gjere. Ein imponerende god regi med mange humoristiske innslag og fantasifulle effektar er også med på å gjere dette til eit medrivande drama.

Det er Leif Stinnerbom ved Västana teater som har hatt regien. Inger Stinnerbom har laga kostyma, inspirerte av gamle folkedrakter frå Sogn og Fjordane. Dei to er kjende over heile Norden for sine sceniske framføringar der dei bruker folkeleg dans og musikk.

Tre år med Fjordapuls

I tre år har dei 36 ungdommane frå ulike stader i Sogn og Fjordane kome saman til intense øvingshelger. Dei har i tillegg fått opplæring i lokale danseformer heime i sine nærmiljø.

– Dansenummera i Meistermøy er sette saman av element frå lokale runddansar og tradisjonsdansar i Sogn og Fjordane, fortel Egil Bakka, som har vore dansefagleg ansvarleg saman med Siri Møland. Arne Sølberg har hatt det musikalske ansvaret.

Bakka fortel at ungdommane i Fjorda-

Her dansar Meistermøy Eli Johanne Mjellemed guten Åsmund Ulvedal. Ingrid Stuhaug spelar. (Foto:Arne Stubhaug).

puls er mellom 15 og 19 år gamle, og dei er hovudsakleg rekrutterte frå dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane. – Det er viktig å starte i ung alder med å få eit godt dansegrunnlag. Målet med Fjordapuls har vore å styrkje tradisjonsdansen i fylket og å arbeide for profesjonell bruk av dansen i scenisk samanheng. Vi vonar at nokre av dei unge kan satse på å jobbe som frilansdansarar.

Framføringa Meistermøy markerer slutten for pilotprosjektet Fjordapuls. Prosjektet har blitt drive av Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff), og Rff-senteret i Trondheim har samarbeidd med Sogn og Fjordane Teater og folkedansorganisasjonane.

Til sommaren får Meistermøy premiere på Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, og i tillegg blir det framføring på Fagernes under Jørn Hilmestemnet.

Fjordapuls - rekneskapsoversyn

	2001	2002	2003	2004	Totalt
Inntekter					
Norsk Kulturråd	335 000	500 000	500 000	500 000	1 835 000
Norsk Kulturråd, overgangsstønad				100 000	100 000 **
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga	50 000	100 000	100 000	75 000	325 000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, BU-midlar			37 500	12 500	50 000 *
Sparebanken Sogn og Fjordane	10 000				10 000
Rådet for folkemusikk og folkedans			35 000		35 000
<i>Sum stønad</i>	<i>395 000</i>	<i>600 000</i>	<i>672 500</i>	<i>687 500</i>	<i>2 355 000</i>
Andre inntekter (billetter, renter, m.m.)	2 695	8 409	3 588	6 700	21 392
Sum inntekter	397 695	608 409	676 088	694 200	2 376 392
Utgifter					
Lokale lærekrefter og musikarar	45 460	99 918	76 913	57 558	279 850
Andre faglege medarbeidarar	72 371	191 391	172 256	108 275	544 292
Andre lønskostnader (arb.gj.avg og feriepengar)	14 063	27 950	20 874	22 077	84 964
<i>Totalt personalkostnader</i>	<i>131 894</i>	<i>319 259</i>	<i>270 043</i>	<i>187 910</i>	<i>909 106</i>
<i>Administrasjon</i>	<i>43 542</i>	<i>131 406</i>	<i>167 424</i>	<i>93 963</i>	<i>436 335</i>
Reisekostnader for lokale lærekrefter og musikarar	43 715	36 211	23 351	23 819	127 096
Reisekostnader for andre faglege medarbeidarar	13 272	106 704	128 020	78 013	326 010
Reisekostnader for administrasjon		26 272	840	11 914	39 026
Kostnader i samband med lokale øvingar og fylkessamlingar	10 393	82 747	88 595	112 405	294 140
Andre kostnader (m.a. kostymer, tur og div. i samband med forestilling)		28 909	105 183	148 611	282 703
<i>Totalt andre driftskostnader</i>	<i>67 381</i>	<i>280 842</i>	<i>345 989</i>	<i>374 762</i>	<i>1 068 974</i>
Sum utgifter	242 816	731 508	783 456	656 635	2 414 415
Resultat	154 879	-123 099	-107 368	37 565	-38 023


Merknader

* Beløpet for 2004 vil verte utbetalt etter at rapporten er sendt inn, og er teke med i denne rapporten sjølv om det ikkje er bokført.

** Beløpet er teke med i denne rapporten sjølv om det ikkje er bokført enno.

Fjordapuls

Rådet for folkedans og folkemusikk
NTNU, Dragvoll
7491 Trondheim



NORSK
KULTURRÅD



Sogn og Fjordane
fylkeskommune



JORUN HILMESTEMNET



NTNU

Mål for den prosjektdrivne scena generelt

- Å sikre at landet til ei kvar tid har gode frilans tradisjonsdansarar (dansepar) frå mange regionar som på individuelt nivå kan syna fram pardansar og halling i ulike samanhengar.

- Å sikre at landet til ei kvar tid har eitt folkedansensemble som kan presentera folkedans som ein del av kulturarven vår.

- Å utvikla nye idear og teknikkar for presentasjon av folkedans.

Mål for eitt lokalt ensemble

1. Å rekruttera og læra opp til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå ei gruppe unge dansarar innfor ein lokal eller regional dansetradisjon.

2. Å rekruttera nokre få toppdansarar innfor denne tradisjonen som vil salsa på dansen som del av yrkesverksemda si på lenger sikt, som frilansdansarar, pedagogar ol.

3. Å gi ungdom, særleg i bygde-Noreg, eit tilbod om å arbeida med dans på eit høgt nivå.

4. Å hjelpe fram dans som attåttnæring, ikkje minst i bygdemiljø.

5. Å gi regionen røynsle med å arbeida med kunstnarlege og sceniske uttrykk på eit godt nivå.

6. Å styrka fagkompetansen for dans i lokalmiljøet, regionen.

7. Å inspirera og styrka det vanlege, frivilljuge folkedansarbeidet.

8. Å styrka den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen som han alltid har høyrst saman med.

